

9 Politikk

– noko for meg?



Stemme ved val

- Frie politiske val er eit av dei viktigaste kjenneteikna på eit demokrati.
- Ved å delta ved val stemmer vi på eit politisk parti og er med på å påverke det politiske livet.

Melde seg inn i ein organisasjon

- Organisasjonsfridom er ein menneskerett og eit viktig kjenneteikn på eit demokrati.
- I Noreg har vi mange ulike organisasjonar, og eit fleirtal av befolkninga er medlem av ein eller fleire.
- Store organisasjonar har gjerne god kontakt med media og formidlar standpunkta eller meiningane sine gjennom dei.

Melde seg inn i ein organisasjon

- Organisasjonar prøver også å påverke politikarane direkte gjennom personleg kontakt.
- Slik kontakt har ofte form av *lobbyverksemd*.
 - Ein lobbyist er ein profesjonell politisk påverkar, som har som arbeid å ta kontakt med politikarar for å påverke standpunkta deira.
 - Lobbyistar kan representere organisasjonar, bedrifter eller kommunar. Dei fleste store organisasjonar har heiltidstilsette lobbyistar.

Vere med i ein aksjon

- Ein aksjon er som regel ein spontan og organisert reaksjon på noko som skjer, for eksempel etter eit politisk vedtak om at Noreg skal sende soldatar til eit krigsområde.
- Organisasjonar som blir oppretta for å drive kortvarige aksjonar, kallar vi *ad hoc-organisasjonar*.

Vere med i ein aksjon

- To vanlege aksjonsformer er demonstrasjonstog og underskriftskampanjar.
- Ein kan også ta direkte kontakt med politikarar, anten åleine eller saman med andre.